



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for opplæring**

Møtedato: 25.10.2017

Sak nr.: 17/1030-14
Internt I.nr. 40439/17

Sak: 28/17

Tittel: **Skriv og meldingar HO 25.10.2017 - oppdatert.**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1: Arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste
- 2: Spørsmål om VGS-samanslåing og språkbruk
- 3: Svar på spørsmål om VGS-samanslåing og språkbruk
- 4: Friare skuleval – konsekvensar for skuleåret 2017-18
- 5: Skoletinget 2018
- 6: Svar på oppdragsbrev OB 19-17 – Forslag til fast ordning med fylkesvise eller regionale mobbeombud
- 7: Støtteskriv for IT-utdanningar på vidaregåande nivå
- 8: Næringslivet i Nordfjord har behov for YSK IT ved Måløy videregående skole

---//---

VEDTAK:

Hovudutvalet for opplæring ber administrasjonen gjere ei vurdering av opplæringstilbodet 2018-2019 opp mot skulebruksplanen og innspela frå arbeids- og næringslivet.

---//---

- 9: Høring- Forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for 2018-2016 (lagt fram i møte)
- 9a: Høringsnotat forslag til endringer i forskrift om tildelinga av utdanningsstøtte

---//---

VEDTAK:

I framlegg til statsbudsjettet foreslår departementet å auke avstandsgrensa for å kunne få bortebuarstipend.

Etter gjeldande regelverk kan elevar i vidaregåande opplæring få bortebuarstipend dersom dei ikkje bur heime hos foreldra sine og avstanden mellom heimen til foreldra og skulen er 40 km eller meir, eller om reisetida er tre timer eller meir samla kvar dag.

Forslaget inneber å heve avstandsgrensa frå 40 km til 60 km.

Dette er endringar som vil ramme elevar frå Sogn og Fjordane hardt.

Sogn og Fjordane er eit distriktsfylke som trass ein desentralisert skulestruktur, har flest hybelbuarar. Rundt 800, dvs. 30%, av våre elevar bur på hybel, og endringane som er foreslått vil ramme 230 av desse. Å pendle med buss, eller buss + båt, tre timer pr. dag, på smale og svingete vestlandsvegar, er ei stor belastning og vil gå hardt ut over både

skule og sosialt liv for elevane. I distriktet er reisetid og kommunikasjonstilbod avgjerande, ofte meir enn kor mange km du bur frå skulen. På ein del av strekningane eksisterer det pr. dato ikkje skuleruter. Hovudutval for opplæring er sterkt imot desse endringane og ber om at gjeldande regelverk vert vidareført.

---//---